



Marianne Juvik Sæbø vil prfesentera komponisten Bjerkrheim

Det går mot slutten av jubileumsåret for kyrkja og det har vore mange minnerike arrangement gjennom året. Fredag 7. november kjem eit nytt høgdepunkt, med Bjerkrheimkvelden. Trygve Bjerkrheim (1904-2001) skreiv 15 000 dikt og songar Han oversette mange til engelsk og mange av songane hans er oversett til andre språk. Han er kjent som dikteren med den grønne pennen, Han brukte alltid grønt blekk.

Kanskje er han den forfattaren som soim har mest 'aktive' songar i bruk i vår tid - og stadig kjem det fleire. På songkvelden vil songaren Marianne Juvik Sæbø og pianisten Terje Kleppe presentera ei rekkje av songane.



Han etterlot seg ein stor songskatt

Det er til dømes Han tek ikkje glansen av livet og
Det er makt i dei foldede hender. Det vert spennande
å høyra songar som nylig er tonesett for Marianne av komponisten
Mons Leidvik Takle. Ho vil fortelja om Bjerkrheims liv og bakgrunnen
for mange av songane hans.

Marianne er utdanna i Bergen og London og har som frilans eit
allsidig og spennande repertoar. Ho er stadig solist og har delteke
ved Festspela i Bergen mange gonger og i TV-program. Ho har
20 plateinnspelingar bak seg og samarbeider mykje med Kleppe.
Han er lærar ved musikkgymsaset i Kongsberg og er også frilansmusikar.

Tekst: Tormod Myklebust

Foto: Privat

Nett: Ola Matti Mathisen